

Haust- og vinterplan 2003

Arrangement	Dato	Mnd	Ansvarleg
Øvingshelg	10.-12.	Okt.	
Musikkbasar	26.	Okt	
Julegrantenning	30.	Nov	
Øvingshelg	5.-7.	Des	
Julekonsert	21.	Des	
Juletreff	28.	Des	
Gen.prøve Nyttårskonsert	2.	Jan	
Nyttårskonsert	3.	Jan	
Årsfest	3.	Jan	

Musikktreff

Konserten i Sør Vågsøy Kyrkje søndag under stormfestivalen vart ei flott avslutning på ei velukka, men litt rar helg der vi måtte vere vertskap utan ein av våre blant oss. Dirigentane Tomas Carstensen, Eirik Gjerdevik og Lisbeth Våge gjorde alle på sine måtar ein fin jobb.

Styret i Torskangerpoll Musikklag vil takke alle var positive og stilte opp som medhjelparar under Stormfestival 2003



På kryss og tvers med VG

Prøv deg på VG's kryssord

VANNRETT

- 1 Klok mann
- 5 God ven
- 6 Stort menneske

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 8

10. årgang

Laussal: Gratis

september/oktober 2003

Kanonsuksess igjen

Stormfestival 2003 vart nok ein stor suksess. Over 400 deltakarar kosa seg i Måløy og Torskangerpoll denne helga. Takka vere god planlegging og fantastisk innsats av korpset sine medlemmer, og ei rekke frivillege hjelparar utanom korpset, glei alt smertefritt. Eit av høgdepunkta var karnevallsopptoget, og rorbufesten i Torskangerpoll.



Trist og uventa

Mandag 1. september 2003 fekk vi den triste og uventa beskjeden: Ivar Torskangerpoll er død. Ivar vil bli sårt sakna.



Takk Ivar

Kornetten er stille. Stolen er tom. Saknet er stort. Ivar er borte. Det er noko som ikkje stemmer. Så alt for tidleg og så alt for ung har du forlete oss.

Vi var ikkje klar for dette, kjære Ivar. Vi hadde så mykje meir vi kunne gjort. Du hadde så mange vener, så mange som var så inderleg glad i deg.

Kakene dine, kommentarane dine, ja-innstillinga di. Alt ved deg gjorde andre glad.

Du gledde deg mest over å glede andre.

Mandag 1. september var din kveld komen. I di eiga ånd, i teneste for andre, slik du alltid var, sovna du stilt og fredeleg inn.

I all sorga er det godt å tenkje på at du, som var så god, fekk sleppe å forlate oss andre med lidning og smerte.

Vi veit at Torskangerpoll Musikklag betydde mykje for deg. Du la ned ein stor innsats, både som ein eminent musikar og trufast støttespelar. Ditt lune smil vil vi alltid bere i oss. Kjell, Turid og Inger-Alice ber oss om å ta deg Ivar med vidare. Det skal vi gjere. Vi skal snakke om deg. Vi skal prøve å vidareføre dei mange gode sidene ved deg. Vi skal la interessa di; Vredens Gnag, leve. Du betydde mykje også for oss. Sjølv om vi ikkje lenger kan spørje deg Ivar, tek vi fram ditt gode smil og dei gode og slåande replikkane dine. Ingen kan fylle tomrommet etter deg.

Tirsdag 9. september fylte gode musikkvener kyrkja i Måløy med kveldssong - din kveldssong.

Vi unner deg kvile
Du skal aldri bli gløymt.
Takk for alt, gode Ivar



For Vredens Gnag: Erling



Glimt frå Storm- festen